



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 10.06.2021

Klokka 09.00 – 12.00

Stad: Nettmøte

Til stades:

Eidfjord kommune:

Varaordfører Aslak Læg Reid

Kvam herad:

Ordfører Torgeir Næss - rådsordfører

Ullensvang kommune:

Ordfører Roald Aga Haug - rådsvaraordfører

Ulvik herad:

Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

Rådmannsforum

Rådmann Anita Hesthamar

Administrasjonen:

Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude L. Rinaldo

#### Agenda:

09.00 - 09.30	Korleis mobilisere til deltaking i fritidsaktivitet og sosiale felleskap Orientering v/Sigrid Nedkvitne, Friskus sosial entreprenør
09.30 - 10.00	Miljøfyrtårn Hardanger - fortsatt regionalt samarbeid? Orientering v/ Wenche Nygård Eeg, Godkjent Miljøfyrtårnrådgiver og Miljøfyrtårnsertifisør
10.00 - 12.00	Sakshandsaming

#### Innkalling og sakliste vart godkjent.

#### Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Hans Petter Thorbjørnsen

Roald Aga Haug

#### Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

#### Orienteringar:

1. Orientering v/ Sigrid Nedkvitne, Friskus sosial entreprenør
2. Orientering v/ Wenche Nygård Eeg, Godkjent Miljøfyrtårnrådgjevar og Miljøfyrtårnsertifisør.

Presentasjonane ligg som vedlegg til møteboka.

#### Saker til handsaming:

#### Ekstra drøfting: Holdningsskapande arbeid med toleranse og respekt.

Gjest: Ingvar Torblå, Hardanger Industri

Kva kan me gjera, og kan Hardangerrådet spela ei rolle i denne utfordringa?

Godt vaksne er mest aktive, og me bør no lytta til dei unge som ber om endring. Me må ta ungdomsrådet med i diskusjonane, dei er ein styrke for demokratiet vårt. I Kvam har dei møte- og talerett, og deira måte å ta opp saker på er forbilledig. Dette må me ta på alvor.

Hardangerrådet kan laga eit svar til Hardanger og Voss ungdomsråd, og det bør også drøftast på fellesmøte med det nye styret til hausten.

Det handlar om tillit til politikarane og mellom politikarane. Og viktig-det må vera ein open dialog. Me som er representantar for demokratiet og ønskjer at folk skal engasjera seg, må skapa rom for engasjement. Det er problematisk at folk ikkje vil engasjera seg i samfunns debatten.

Skal rådet prøva å få fram nokre gode formuleringar rundt ryddig og god debattkultur? Og motivera for ein betre debattkultur. Undomen har ein bra måte å gå fram på.

#### **HR-sak 20/21 Meldingar**

Nye regionråd i Vestland fylke. Framlegg til tilskotsordningar og partnerskapsavtalar

#### **Vedtak:**

Meldinga vert teken til vitande.

#### **HR-sak 21/21 Orientering frå dagleg leiar/administrasjon**

Hardangerkonferansen 2021

Internasjonale prosjekt: Siderkultur og Stride4Stride

Grøn region Vestland godt igang med grøn region Indre Vestland

Samarbeid Hardanger og Sogn

Partnerskapsavtalar mellom regionråd og fylkeskommunen.

Vedlegg: Skriftleg orientering til rådet

#### **HR-sak 22/21 Orientering om viktige saker i kvar kommune,**

Denne saka vart ikkje handsama i møtet.

#### **HR-sak 23/21 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet**

- Det pågår Internasjonal Siderfestival i Sørfjorden og Odda i dei komande dagane. Det som skjer i reiseliv, fruktproduksjon, saft og sider om dagen syner stor knopskyting og aktivitet.
- Kan Hardangerrådet saman med Voss få til eit felles planarbeid for strandsoneplan? Kan me samarbeida om å finna verktøy for å ivareta næring og viktige miljøinteresser samtidig?  
Forkjemparar og motstandarar av oppdrett må diskutera saman. Kan hende kan ein felles debatt om strandsoneplan vera bra, sjølv om den omhandlar mykje meir? VLFK vil gjerna bidra til denne jobben. Bør rådet invitera Kvinnherad inn i arbeid med ein slik plan? Det ser ut til å gå mot semilukka anlegg. Viktig at me i Hardanger er i forkant på kva me vil ha.
- Kommunane rundt Hardangervidda har sendt felles brev og bede om møte med departementet for å drøfta Mattilsynet sine tiltaksplanar for bekjemping av CWD.

#### **Møteboka godkjent 10.06.2021**

Torgeir Næss  
Rådsordførar

Hans Petter Thorbjørnsen  
Rådsmedlem

Roald Aga Haug  
Rådsvaraordførar